



Ølboka til Robert Smidt-Hald har med mykje stoff frå Dønhaug og frå Humlepungen Bryggjarlag.

Robert Smidt-Hald er kjend for mange i Uskedalen, frå konsert- og pubkveldar på Dønhaug. NRK dokumentaren Robert Smidt-Hald underveis med musikk og øl vart i store trekk produsert på Dønhaug. Han har vore tilbake mange gonger og er ein personleg ven med vertsskapet Anne Berit og Magne Huglen. Det vert boklansering og pubkveld i Dønhaugkjedlaren fredag 8. november.

I denne månaden kjem Robert Smith-Hald med boka Godt øl, på forlaget Cappellen Damm. Det er ei etterlengta bok om grunnleggjande brygging, enkelt og med mange oppskrifter, tips og gode historiar om ulike sider av brygging og kulturen rundt.

Robert har til tider vore mentor i Humlepungen Bryggjarlag. Han er primus motor bak oppskrifter for bryggjarlaget i Uskedalen. Medlemene i Humlepungen har fått god plass i boka og då særleg med Mange Huglen som ein sentral figur.

Vel halvparten av førsteopplaget er alt tanga og seld. Det kan vera lurt å vera tidleg ute med kjøp av boka, på mellom anna Kvinnherad Libris, Husnes. Det vert truleg lagt opp til bokslepp og konsert i Dønhaugkjedlaren i haust.

Du kan lytta til Robert Smidt-Hald sin musikk på alle digitale plattformer. Den gjeld også den siste siste singelen Red Hot Mamma.



[Robert Smidt-Hald er fast gjest på Dønahug, både som trubadur og som ølbryggjar.](#)

Tekst: Pressemelding

Foto: Robert Smidt-Hald

Nett/redigering: Kristian Bringedal